



Mottaker
LARS SIGVE GRØTT
Lyngvegen 5
3577 HOVET
Norge

Deres ref. Vår ref. Dato Delegert sak
19/02388-4 31.05.2019 Utvalg for plan og utvikling

28/10 - Dispensasjon frå LNF-føremålet for oppføring av ny garasje. Igangsettingsløyve for oppføring av ny garasje og rivingsløyve for uthus og garasje. Hovet

Byggeplass: Hovsvegen 140

Tiltakshaver: Eva Grøslandsbråten **Adresse:** Hovsvegen 140/ 3577 HOVET
Søker: Lars Sigve Grøtt **Adresse:** Lyngvegen 5/ 3577 HOVET
Tiltakstype / 181 garasje, uthus, annekst til bustad/
Tiltaksart: Nytt bygg – Ikkje bustadføremål over 50 m²

Søknad motteke: 29.5.2019			
Grad av utnytting	Matrikkelareal	Bruksareal (BRA)	Bygd areal (BYA)
	112 m ²	112 m ²	121 m ²

VEDTAK:

Med heimel i plan- og bygningslovas § 19-2 blir det gjeve dispensasjon frå LNF-føremål i arealdelen av kommuneplanen for oppføring av garasje til bustadhus. Grunngevinga er at tiltak skjer i tilknytning til eksisterande bustadhus, og ut frå dette vil ikkje omsynet bak arealføremålet bli vesentleg satt til side. Det er lagt vekt på at dispensasjonen ikkje fører til nedbygging av dyrka eller dyrkbar jord. Fråværet av ulemper knytt til samfunnsinteressene gjer at dei personlege fordelane for tiltakshavar etter ei samla vurdering er vurdert til å vera fullnøydande til at vilkåra for å gje dispensasjon er til stades.

-

Med heimel i plan- og bygningsloven §§ 20-3 og 21-4 blir igangsettingssøknaden for riving av eksisterande bygningar, oppføring av ny garasje godkjent på fylgjende vilkår:

1. Dersom det under anleggsarbeidet eller annen verksemd dukkar opp automatisk freda kulturminne, må arbeidet straks stogkast og kulturavdelinga i fylkeskommunen varslast. Jf. kulturminneloven § 8.2.
2. Løyvet fell bort om arbeidet ikke er satt i gang innen 3 år. Det samme gjeld om arbeidet stansar i lenger tid enn 2 år. Jf. plan- og bygningslovas (pbl.) § 21-9.
3. Bygningsavfall skal leverast til godkjent mottak.
4. Før bygg blir tatt i bruk må det sendast inn søknad om mellombels bruksløyve eller ferdigattest. Jf. pbl. § 21-10.

Erklæring av ansvarsretter:

Ansvarlig søker er ansvarleg for at tiltaket er dekt med ansvarsrettar for SØK, PRO, UTF og eventuelt KONT. Jf. pbl. § 23-4. Ansvarleg søker skal syte for at kommunen til kvar tid har den oppdaterte gjennomføringsplanen, se til at alle ansvarsområder er dekt og at endringar, manglar og opphør av ansvarsretter meldast til kommunen. Jf. SAK10 § 12-2 bokstav d, jf. pbl. § 23-8.

Jf. § 23-3 i pbl. kan kommunen frata føretak ansvarsrett. Ansvarsrett fell bort ved vedtak om ferdigattest, men kommunen kan gje pålegg om retting eller utbedring innen fem år etter at det er gjeve ferdigattest.

Kommunen plikter å føre eksisterende og ny bygningsinformasjon i Matrikkelen jf. matrikkellova § 25 1. ledd.

Saksopplysninger:

Planane gjeld oppføring av garasje knytt til bustadhus, til erstatning for noverande garasje og uthus som er/ skal fjernast. Eigedomen er nytta som bustadeigedom, der landbruksareal blir leigd ut. Tiltaket skjer i LNFR-område i arealdelen av kommuneplanen, og det er søkt om dispensasjon frå dette føremålet da garasjen ikkje er knytt til landbruksdrifta.

Vurdering:

Ein søknad om dispensasjon handsamast etter reglane i plan- og bygningslovas § 19-2. Det er her m.a. krav om at for å kunne gje dispensasjon må denne ikkje vesentleg setja til side planføresegnene eller arealbruken vist i plan, og fordelane med å gje dispensasjon skal vera klart større enn ulempene.

Tiltak skjer i tilknytning til eksisterande bustadhus og fører ikkje til nedbygging av dyrka eller dyrkbar jord. Omsynet bak arealføremålet vil difor ikkje bli vesentleg satt til side, og fråværet av ulemper knytt til samfunnsinteressene gjer at dei personlage fordelane for tiltakshavar etter ei samla vurdering er vurdert til å vera fullnøyande til at vilkåra for å kunne gje dispensasjon er til stades.

Med helsing

Trond B. Augunset
leiar plan og utvikling

Borgar Underdal
byggesaksbehandlar

Godkjent og ekspedert uten underskrift